
Fra: Olav Asbjørn Håvik <Olav.Asbjorn.Havik@kartverket.no>
Sendt: 9. mars 2015 11:13
Til: Arild Bergstrøm; Nerhus Kjell; post@modalenkraftlag.no; Anders Boge; Kjell Langeland; Anngunn Marie Gullbrå; Kjartan Medaas; Tommy Veland; Rolf Raknes; Øyvind Tolleshaug; tove-rokke.molnes@telenor.com; trond.rolland@fmho.no; Kejo Delia Welle; tore.furru
Kopi: Anne Lien; Solveig Otterå
Emne: GEOVEKSTPROSJEKT NORDHORDLAND 2015 OPPDRAG LACHHO41
UTSENDING AV GEOVEKSTAVTALAR FOR SIGNERING
Vedlegg: Nordhordland_2015_Geovekstavtale.pdf

Til geovekstpartane i prosjektet
Nordhordland 2015

Sak/dok.: 14/00401

GEOVEKSTPROSJEKT NORDHORDLAND 2015 OPPDRAG LACHHO41 UTSENDING AV GEOVEKSTAVTALAR FOR SIGNERING

Viser til utsendte referat frå prosjektmøtet med kart og kalkylar for prosjektet. Eter referatutsending har det vore svært lite justeringar i kalkylen.

Vedlagt finn de geovekstavtale for signering og retur. Gjer vel å skrive ut den vedlagte avtalen, signer og send tilbake til undertekna anten pr post til "Kartverket Bergen, 3507 Hønefoss" eller skanna (heile avtalen i god kvalitet) pr epost til olav.asbjorn.havik@kartverket.no. Gi tilbakemelding dersom du heller vil ha tilsendt avtalen pr post for signering.

Kvar part i prosjektet får med dette tilsendt likelydande avtaleeksemplar for signering. Signert original vert returnert til og oppbevara samla hjå prosjektleiar Statens kartverk Bergen. Partane får så tilsendt kvar sitt stadfesta eksemplar av avtalen med avskrift av partane sine underskrifter.

Riksrevisjonen set krav til at geovekstavtalen skal vere underskriven av partane før eit geovekstoppdrag vert sett vekk til firma. Som tidlegare medfører dette at avtalane må baserast på kalkyletal. Kalkyletala i avtalen vil vera den ramma prosjektleiar Statens kartverk Bergen har for å signera kontrakt med utførande firma. Partane vil få tilsendt justert plan for prosjektet når anbodet er avgjort.

Signering av geovekstavtale og retur av signert avtale må gå raskt unna, sidan oppdraga ikkje kan setjast vekk før alle partar har signert. ***For å unngå at prosjekt vert hefta må me ha den underskrivne avtalen i hende innan onsdag 18. mars.***

Kontaktpersonar for prosjektet er:
Olav Håvik, (olav.asbjorn.havik@kartverket.no)
Anne Lien, (anne.lien@kartverket.no)

Med venleg helsing,



Olav A. Håvik
Kartverket Bergen
Tlf: 32 11 87 39
E-post: olav.asbjorn.havik@kartverket.no
Tlf. sentralbord: 32 11 81 00
Kundesenter: 08700
www.kartverket.no